

## Stad kommune / desemberhelsing 2021

til tilsette

### Takk for innsatsen!

Då er vi der igjen at vi står framfor ei julehøgtid som gir oss høve til å ta ein pause frå kvardagen. Det er vel få år vi har hatt meir bruk for ein slik pause, og det burde vore slik i 2021 at helgedagane fall på kvardagar slik at vi kunne fått ein noko lengre pause, men det får vi ha til gode til eit anna år. No er det likevel ikkje slik at alle oppgåver fell bort i den kommunale drifta sjølv om det er jul. Vi veit at mange av dykk skal bidra til at høgtida blir både god og trygg for mange av våre innbyggjarar.

Det har vore nok eit underleg år. Kanskje godt at vi ikkje veit kva vi skal møte på godt og vondt. Det gode er at vi har klart å vaksinere innbyggjarane våre i høgt tempo, og oppslutnaden har vore svært bra sjølv om ikkje alle har nyttet seg av tilbodet. Det har vore ein formidabel innsats frå både vårt eige personell og frivillige for å gjennomføre vaksineringa på ein effektiv måte. TISK-strategien har vore krevjande å følgje opp, så vi var nok alle svært glade for at samfunnet opna opp igjen tidleg i haust, og at krava til oppfølging og karantenesetjing vart endra. Så har utviklinga gjennom hausten vist oss at vi ikkje på nokon måte var ferdige med denne pandemien, og utfordringane står i kø for oss alle! Så langt har vi vore rimeleg heldige når det gjeld smitte då vi har klart å avgrense smitteutbrota med iherdig innsats frå både tilsette og innbyggjarane våre. Vi har no krav på oss til å gi tredje dose med vaksine til alle over 45 år innan midten av januar, og dette skal vi klare. Vidare skal resten av befolkninga få sin tredje dose før påske.

Ei av utfordringane våre har vore å få nok folk med rett kompetanse på jobb. Sjukefråværet er høgt, og det er det i heile landet. Grunnane er nok samansette, men at pandemien set sine spor er det vel ikkje tvil om. Men eg vil også tru at svært mange har mobilisert mykje for å klare å løyse oppgåvene vi har i møte med innbyggjarane våre. Det har vore lagt ned ein enorm innsats på arbeidsplassane våre, og det har nok hatt personlege konsekvensar då jobb til tider blir prioritert framfor eigne interesser då så mykje står på spel. Eg vil nytte høvet til å takke for både innsats og lojalitet!

I haust gjennomførte vi KS si 10-faktor undersøking i heile organisasjonen. Resultatet av undersøkinga skal følgjast opp på alle arbeidsplassane slik at den felles kunnskapen vi har fått gjennom kartlegginga blir brukt både til forbedring av arbeidsvilkår og kvalitet på tenestene til innbyggjarane. Samla sett ligg vi omtrent på landsgjennomsnittet i korleis tilsette vurderer dei 10 faktorane på sin arbeidsplass. Eitt slikt snitt-tal er greitt å ta med med tanke på at vi er ein heilt ny kommune. Men det som gir denne undersøkinga meinings er at alle tilsette i lag med sin leiar legg ein plan for arbeidet på eigen arbeidsplass slik at vi stadig søker å forbetra og ta vare på det som er bra!

Alle er kjende med at vi har hatt innsparingskrav innanfor alle tenesteområda og administrasjonen. Dette har vore lojalt følgt opp, men i løpet av året har vi fått nye oppgåver og gitt meir omfattande tenester som gjer at vi



*Med ønske om  
ei god jul og  
eit godt nytt år!*

har måtte auke bemanninga vår. Dette har det vore gode grunnar for innanfor alle sektorane, men problemet er at dagens driftsnivå er for høgt i forhold til tilgjengelege inntekter. Dette gjer at vi må halde fram arbeidet med å sjå på alle høve til å redusere kostnadene våre.

Kommunestyret gjorde sitt budsjettvedtak 16.12. I tillegg til å redusere rammene for alle, så skal vi også snu alle steinar for å ta ned driftsnivået på både kort og lang sikt. Vedtaket lyder slik: «*Stad kommunestyre ber kommunedirektøren setje i verk ein systematisk gjennomgang av kva som er mogleg å gjennomføre av strukturelle og organisatoriske endringar i heile kommuneorganisasjonen. Framdrift og utvikling av gjennomgangen skal jamleg rapporterast til formannskapet/finansutvalet*». Dette arbeidet håper vi alle tilsette vil bidra konstruktivt i slik at vi både får fram kvar vi kan ha eit handlingsrom, og ikkje minst kva som blir konsekvensane av ulike typar kutt. Målet må vere at vi også i framtid skal ha gode tenester som gjer at Stad er ein attraktivt kommune både å bu og arbeide i! Skal vi lukkast med dette så må vi både ha kapasitet og rett kompetanse i tenestene, men vi må også bidra til utvikling av samfunnet vårt då dette også er kommunen si oppgåve. Dette gjer vi best i lag med andre aktørar, så vår evne til å samarbeide og samskape med andre aktørar blir avgjerande for korleis vi i framtida skal bidra til at Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.

Som de ser så er det nok av oppgåver og utfordringar å ta fatt på i det nye året. Mitt ønskje for alle tilsette no er at de får ein liten pause frå alt strevet, og at de kan finne ro og fred i lag med familie og vener! At de på denne måten kan senke skuldrane og tenke at de i året som har gått har gjort ein stor innsats for innbyggjarane i Stad kommune! Så skal vi i lag finne vegen vidare i det nye året!

## Møte med eit menneske

Ingenting felles  
utan dette  
at vi er menneske,  
og deler ei verd.

Er det difor  
auge  
løfter meg ut av tilværet  
ein blank sekund.  
Er det difor  
hender  
stryk skuggar bort  
utan å vita –  
Hender av lys.

Anna Skeide



**Dei beste helsingar frå  
Åslaug Krogssæter**  
kommunedirektør